

vondt at eg berre for på dør og torde aldri spørje meir.

No kom vonde dagar. Mor såg kor redde me var og prøvde alt ho kunde for å syne seg glad. Men i løynd skyna me ho gret og bad redde bøner. Augo hennes vart ~~sokk~~ rauda og lippene so smale og den gode smilen so skjella å sjå, å, kor vondt det var.

Møtet mellom far og mor etter dette var nok ikkje lett. Mor åtvara far og bad han for guds skull slutte med tømmerdrifta, for ho ottast det bar galt avstad, men han vart arg og vilde ikkje høyre. Desutan var det for sein no, tømret laut fram. På ein eller annan måte hadde nok far no fått ordna upp med skulda, for eg kan ikkje minnast det hende noko slikt meir.

Ja, tømret kom fram, mykje av det, men mykje var det au som sokk eller vart sundbrote i fossane. Far fekk minert burt storstein og bygt skådammar, so tømret fylgde elva og ikkje rann tilskogs. Han bygde dammaer i vatn og tjønnar for å få vatn nok til føytinga. Han måtte leige stort mannskap når dammane vart slept. Dei gjekk langs elva og stakk ut stokkar, eller dei var i fossane og løyste dei store vasane eller i vatn og tjønnar for å få ut stokkar som var dreve i land.

Endeleg kom det fyste tømret fram til Arendal, og far venta oppgjer. I staden kom det klage over at mykje av tømret var sundbrote eller det var lite skikka til sagtømmer. Det laut bli stort avslag i prisen. Då tok far til byen, gjekk på sine bein dei 12 mil og like langt attende. Han talta med sjefane so godt han kunde om alle vanskane. No var det livsviktige ting som stod på spel både for han sjøl og dei mange han hadde ansvar for. Ei slags ordning vart det på slutten, so mykje han kunde halde fram med drifta, men pengane han fekk, rakk ikkje langt.

#### Me kjem til Kleivgrend.

Far såg no ingen annan utveg enn å selje Moheim. Nørst i Kleivgrend låg det ein nedlagd plass, og det var dit me no flutte. Det var vist få eigneluter me hadde med, berre det mest nødvendige.

Det var som ei ny verd eg no kom til. Ei lita grend millom høge nuttar. Eit par småvatn i dalbotnen. I nord eit myrkt fjell med glattskura skridor. Heilt burtunder det skulde me. Der låg den burtgøynde plassen attmed ein høg foss. Husa var gamle og grå. Dei små åkerflekkene attgrodd med tistel og ugras. Her hadde nok ikkje budd folk på lenge. Der var ei stove med ein kove og eit bislag til. Inne var sotut og svart, det var fælt.

Mor fekk eit svari strev med å skure og vaske, ho trudde det skulde bli kvitt, men vart berre mindre svart. Ved eine veggen var ein fast benk til å sitja på, i eine roa ein peis, i andre roa eit gamalt skåp. Då me so hadde fått ordna med senger, eit bord og nokre stolar, so hadde me då atter ein heim.

Sut og sorg kan barn ikkje bera på lenge. Her var det mangt nytt å oppdage og granske, so eg fann meg snart til rette. Det gildaste var å ha elva so tett ved. Under fossane var djupe hølar, og der fekk eg mange små fiskar. Men endå gildare var det å kome ned til vatnet. Her var fisken større og like viljug til å bite. Serleg når dammane vart slept, då gjekk fisken innover dei overfløynde myrane inn i graset, der det var mat å finne. Her var mangestad so grunt, at eg såg stjerten på fisken, når han sette mot land. Denne fisken var kvit ikjøtet og ikkje av beste slag. Men steikt eller kokt syntes me ungane den smakte herleg, for det var lite med kjøtmat me elles fekk.

Det var spanande når dammane vart slept og elvi kom stor og fløymande. Då sprang me burt til fossen, som stupte seg utfor berget, so det dunde i bakken. Vassgovet sto høgt tilværs, det sila og rann av lauvtrear, som sto næraast. So kom dei digre kvitskura stokkane og stupte seg utfor. Dukka under i djuphølen, men skaut seg uppatt og for vidare. Rett som det var kom heile flak med tømmer utover. Det brast og knaka, stubbar for i været og vart hivde hit og dit. Det var som alle troll kom burande og vilde gjera ende på alt. Eit par stokkar sette seg på tverke bak nokre store steinar, snart kom det fleire, snart var det ein stor vase, som auka og auka. Men so kom fløytarane dyvåte med lange hakestenger. Dei vyrde ikkje fossegovet, men vassa ut, hogg takk i stokkane og drog dei laus ein for ein. Men det kom stadig nye stokkar. Haugen berre auka. Men so kom det ein fæl brest. Bandstokkane brast, og heile mørja valt utover og løyste seg upp. So for karane vidare, stakk ut stokkar, som hadde klemt seg inn i strandsteinar og avrenslur, og snart var dei burte.

Ved jonsokleite flutte me til ein fjellgard ei mil nord for Kleivgrend. Her låg two små gardar, nedre og øvre Øyset. Den siste var no bare ein støyl. Det var dit me kom, for no skulde mor verta seterbudeie. Ho tok mot krøtter ~~føxxføkk~~, som ho vilde stelle, ho meinte det skulde bli litt inntekt med det. Det kom ei ung jente, som skulde gjete, og eg skulde vere med å hjelpe henne. Uppetter liene var bjørkeskog med fint beite. Her gjekk kyrne roleg heile dagen, so me hadde makeleg arbeid. Eg fekk god tid til å fiske i eit par småelvar, som gjekk der. Somtid kom me heilt uppunder Øysteinsfjøll, ein av dei høgste nutane her omkring. Der var vatn og tjønnar med stor fin fisk, men han var vand å få. Eit par gonger var eg heilt på toppen av fjellet. Der var utsyn over fjell etter fjell på alle kantar. Sume stad blenkte kvite snøfennar. Lengst burte var det som det blåna burt i dis. Nede i dalane blenkte det i vatn og elvar, og her låg støylar med ein liten grøn flekk omkring. Her fekk eg fyste gongen sjå at verdi var stor. Men når det var regnvær, sat me ofte under ei bjørk og hutra og fraus, då vart dagen lang. Elles må eg seie eg slapp frå gjetinga nokso ofte. Slike var då kje arbeid for ein stor kar som eg, som var 11 år gamal.

Eg heldt meg mykje på nedre Øyset. Der budde den vidgjetne bjønneskyt-

staren Gunleik Øyset. Han hadde skote 16 bjønnar og ei mengd fugl og anna vilt. Men far hans og bestefaren hadde skote mykje meir, no var det ikkje mange bjønnar att, sa han. Gunleik og eg vart snart gode vener. Han fortalte meg so mange upplevelingar både frå jakt og fiske. Fyste bjønnen skaut han, då han var 14 år gamal. No var han ein gamal mann, men enno kunde han skjote vekk ein liten kolbit, som han la langt burte på ei snøfond. Elles pusla han no mest med å skjera ut alleslags dyr av kvistkronglar. Han hadde ei heil samling, som var eit syn å sjå.

Ein dag kom det bykarar til Gunleik. Dei skulde vere der nokre dagar å fiske. Det var ein kaptein og ein doktar, som heitte Qvisling. Dei var fødd i Førsdal, men hadde gått på skule i byen og sia budd der. Slike karar hadde eg aldri sett før. Dei hadde so mange slag fiskegreidor, flugur, froskar, billur og ~~varde~~ rare ormar. Det var fiskestenger samansett av fleire luter, det var hov og oter. Og det var karar som fekk fisk. Sjøl Gunleik totte det var overlag til fangst. Reidskapen han brukte var eit grovt taglsnøre med markekrok, slikt som eg brukte. Å, kor eg yngste meg slik reidskap! Men det var nok ikkje å tenke på, so dyre dei måtte vera.

Om hauste fluttet me attende til Kleivgrend, men ikkje til Homslid, men til garden Kleiva, som låg fint og lunt til under ein berghamar midt i grenda. Eigaren Gunleik og kona hans Gro var no einsame og so gamle at dei ikkje dugde til å bruke gard lenger, og so vart far paktar og brukar.

Her hadde me det fint. Me fekk ei stor triveleg stoge med eit par rom til. I stova var der peis og kakkelovn, eit stort fint framskåp og eit roskåp med ein fast benk i mellom, det var høgsæte. Og so var der eit stort langbord med ein langkrakk framfor, og eit par kubbestolar. Alt innbu hadde Gunleik gjort, han var kjend som ein flink snikkar. Frå vindauge kunde me sjå det meste av grenda med vatnet nedafor og mørk skog i baklia. No fekk me både ku og sau og geit og hadde det godt. Endå mor kvikna til og kunde smile som i gamle dage. No hadde ho ogso god hjelp i dei two eldste jentene Marie og Gunhild. No var det ogso siste året far dreiv med tømmerdrift. Det hadde vore ei vond tid, men no kom han då frå det på eit vis, og den som gledde seg mest var nok mor.

### Siste åri på folkeskulen.

Det vesle kvitmåla skulehuset lå ved vegen straks nedafor oss, so no var ikkje skulevegen lang. Me vart snart godvener med alle borni. Læraren heitt Olav Rui. Han var frå Rui, ein gard straks synnafor Kleiva. Han var ikkje vand å skyna, for han tala plent som me. Han var lang og skankut, fleinskalla og glattraka. Hobue hans rakk mest upp i taket, anten han satt på katetret eller gjekk på golvet. Sto han nær oss, laut me vri nakken ende til værs for å få tak i andlete. Men han var snill og grei og tok seg av alle. Her fekk eg lære mykje nytt.

Eg fekk lærebøker i nye fag: historie, naturkunne og geografi. Der var store kart over heile verda, der var globus, som syntte at jordi var rund som ei kule og sveiv rundt. Eg fekk lære at himmelromet var uendeleg stort at dei tusen stjernor var veldig soler og at mange av dei hadde planeter, som gjekk i ein bane kring dei. Sola vår hadde 8 slike planetar, og den eine av desse var jordi, men månen var ein liten planet, som gjekk rundt jordi. Dette tykte eg var so rart at eg laut fortelje mor det. Men då vart ho forfærd. Det er ikkje sant, sa ho. Det er då noko alle kan sjå, ~~Det er ikke sant~~ at jordi står still og at det er sola som går. Kvar dag ser du sola kjem upp i aust og glar ned i vest. Og jordi måtte vel dette ned, dersom ho sviv i lause lufti. Korleis vilde det gå med deg og oss alle om jordi sveiv rundt med slik fart som du segjer? Ja, men læraren segjer det, og det står i geografiboka, sa eg. Her skal du få sjå, sa eg, og tedde henne boki, her er endå bilæte av det. Her ser du soli i midten. Dei svarte skivorne er jordi og dei andre planetane. Dei store ringane kring soli er banen planetane går. Kva trur du so? Nei, ho vilde ikkje tru det. Ho heldt seg til bibelen, som var Guds eige ord, og der sto ingenting om at jordi var ei kule og sveiv rundt. Me tretta om dette lenge, men ho var ikkje til å rikke. Eg var ikkje so sikker lenger sjøl heller. Det var då sant at me såg soli gjekk over himmelen. Det var vanskeleg å tvile på mor og Vårherre og mine eigne augor. Men eg kunde ikkje tvile på læraren og læreboki heller. Slik var det at tvilen melde seg for fyste gong. Livet, som før hadde wäre so endeframt, tok no til å verta meir flokutt og gåtefullt.

Eg laut spørje far, då han kom heim, kva han trudde. Du kan då vite det må vere rett, det som står i læreboka, sa han. Ja, men bibelen då, sa mor. Dei som skreiv bibelen visste ikkje betre, sa far, men no er vitskapen kome mykje lenger. Dei hev stjernekkikar, og der kan ein sjå at månen er ein klote, som sviv i lufti, og då lyt det vere slik med jordi og. Mor vart upprådd for svar, ho gjekk ut og vilde ikkje høyre meir. Ho vilde ha si tru i fred. Far hadde meir skullærdom enn mor, so han laut ha rett i dette. Eg skyna no at mor visste lite utanum kvardagslivet, men so hadde ho si urokkelege tru, det var hennar rikdom. Seinare fekk eg lære om Kopernikus og andre store, at dei vart dømde som kjettarar, då dei la fram sine oppdaginger av himmelromet. Og då dei fann upp teleskopet, nekta dei lærde i den kristne kyrkja å sjå i kikaren, det var djevelens blendverk, sa dei. Dei ville ha si tru i fred akkurat som mor. For so vidt var ho i godt selskap.

På skulen var ei lita boksamling. Eg las bøker bl.a. av Jules Verne: Reise til månen og Jorden rundt i 80 dage. Etter det fanst det kje tvil i mi sjel at verdsbilætet mitt var rett. Men det melde seg snart nye problem som var endå vandare å finne greide i.

Den beste venen min på skulen var Knut Midtbø. Han budde tett ved, so me var saman titt og ofte. Han funderte over dei same spursmål som eg.

Det var ikkje ende på alt me fantaserte ihop og samtala um. På skulen gav læraren oss stiluppgåvor, og det tykte me var gildt. Somtid fekk me velje uppgåvor sjølve. Eg hugsar eg skreiv ein stil um eventyra på vandring, som eg fekk mykje ros for. Eg hadde vist lese noko um dette i ei bok av Moltke Moe. Læraren sa han ville lesa upp denne stilien og ein stil av Knut på eit møte i ungdomslaget ned i Kyrkjebygdi, og då skulle me få vera med. Jau, stilane vart lesne opp og fekk stor fagning. Me two gutane satt der bljuge og torde mest ikkje sjå upp, men samstundes var me både glade og stolte. No drøymde me um å verte store diktalar som Bjørnson og Ibsen minst.

Det var ei hard vekkjingstid over bygda denne tida. Det galdt å omvende seg, for verdi skulle snart forgå. Det var so mykje som var synd. Drikk og dans og kortspel var noko av det verste. Ein skulle helst ikkje læ eingong og vere glad. Preikarar kom frå alle kantar og tala skremmleg om dom og fortaping og evig pine for den som ikkje omvende seg. Alle fekk merkelappar på seg: han der er eit Guds barn, men han der eit syndens barn. Slik vart bygdefolket delt i two flokkar, som dømde og fordømde kvarandre. Rørsla kom au til Kleivgrend, og folk samla seg i skulehuset om kveldane, og mange vart umvende. Fleire ungdomar stod fram og vitna, men det var også dei som gjorde narr og heldt leven. Knut og eg var på fleire møte, og no møtte oss eit nytt problemdet som filosofar hev grunda på alle tider, nemleg problemet Gud.

Mor trudde fullt og fast på Gud. Ho lærde oss å be, og ho bad sjøl. Ho song salmar og las i bibele<sup>n</sup> og postillen, men far aldri. Trudde ikkje han på Gud? Eg visste ikkje og våga ikkje spørje, det var so leit. Men trudde eg sjøl på Gud? Eg las då fadervor somtid, helst når eg var redd t.d. når tora slo hardt, men var det å tru? Læraren sa at Gud elskar alle og at Gud var kjærleik, og det sto også i læreboka. Korleis kunde han då sende dei fleste til helvete, slik som lesarane sa. Og Gud hadde skapt alt godt, korleis kunde det då vere so mykje vondt? Ja slike spørsmål var det verkeleg dei two 12 års gamle gutane<sup>Knut og eg</sup> tomla med. Og når me so kom til ei løysing, totte me å ha løyst verdensgåta.

Men livet var ikkje slik som før. Det var som ei tung skodde hadde lagt seg over grenda. Og mor var so alvorsam vorten. Ho gjekk ofte på møti og las i postillen og mulla samar meir enn nokon gong før.

#### Men barnehugen lyt ha sin rett.

Eg hadde mykje moro i uppveksten. Smågutane fann alltid kvarandre. Me fiska i vatne, rodde i båt og lærde å somje. Midt på vatne var eit nes, som delt vatne mest i two. Utfor neset var det brådjupt, og der var fast laugarplass. Me tok tilsprang og stupte ned hovue føre og dukka under, og so skaut me uppatt langt utpå. Det var um å gjere kven kunde vere lengst under. Me kunde somje på ryggen og ligge mest stille i vatne og

kvile ut.

Om sundagskvellane samlast me på leikeplassen ved skulehuset både unge og eldre. Der øvde me idrott: Kappsprang og kapphoppa, tok ryggtak og spende revekrok. So leikte me siste par ut, så på ringen o.a. og stundom var det dans. Ein spelte følē eller me tralla til dansen. Eller det var stevleik. Det var gutar og jentur som song slengjesteve til kvarandre. Fleire av dei eldre møtte fram og såg på, det tykte me var gildt.

Om vinteren ok me på ski. Far gjorde gode og seige ski av gamle tyrikallar med ein viuhork til binding. Hælband var ukjende, men me hadde tåhettur av geiteragg, dei hekk godt fast i horken. Eller me brukte tæsur. Det var eit slags ~~luddar~~ ugarva skinn med håra ut, dei var gode, ~~men~~ men vart lett for blaute, og når dei fraus ~~seg~~ var dei som tresko. Når me ok hopp, hende det ofte at skia datt av i været, og då laut ein over ende kor flir ein var. Det var ikkje lange hopp me gjorde, for me brukte sprøytehopp som kasta oss tilværs, men lite framover.

Det var mykje vilt den tida, orfugl og rype, rev og hare. Far la ut åte med gift og tok fleire revar. Eg sette opp snarer åt orfuglen opp i granlia og fekk fleire fuglar, men når eg såg dei hekk levande i snara, var det vondt å sjå, men pengane freista meg, det var ei heil krone for ei røy, og i det var mange pengar for ein smågut.

Ein vinter var eg med far på Øyset på rypefangst. Kvar dag gjekk me lange turar på ski innover viddene og vækja snarene. I solskin sto dei snøkledde nutane og blenkte som gull. Store flokkar av ryper skarra og skjent og flaug upp som ei kvit sky. Some dagar kunde me få 10-12 ryper, men andre bare 2-3. Ein gong hekk det både rype og hauk i same snar. Hauken hadde set rypa flaksa og skulde ta henne, men so hadde ho fått snara kring halsen på hauken, og so hekk dei der båe. Men eg lika ikkje denne snarefangsten. Det var ikkje fritt eg hadde vondt samvet av å ha pint livet av desse fine fuglane. Far likte det nok ikkje heller, for det vart ikkje fleire slike turar.

Om våren når skulen slutta, hadde me overhøyring eller eksamen for presten<sup>n</sup> Jon Qvisling og formannen i skulestyret Ivar Tveiten, den seinare so kjende stortingspresidenten. Då møtte ogso foreldri fram, dei som vilde. Me vart høyrde i lesing og rekning og religion og i eit av faga historie, geografi eller naturfag. Ein av dei flinkaste på skulen var Nils Høgevold, som seinare vart den kjende sekretær og talar for avhaldssaki. Han kunde alt han blei spurta om, ja ramsa upp av læreboki som han skulde ha henne uppslegen framfor seg, og av leseboki las han upp som ein prest. Då Tveiten spurde kva han tenkte å bli, so svara han då au: Eg skal bli prest, eg! Då lo dei alle. Både han og nokre a v oss andre fekk ros av presten for stilane våre. Han las upp stykke av dei, og då kjende eg att stilien min, som han også hadde lese ein stubb av. Jau, me skulde nok bli diktatarar, tenkte

Knut og eg. Dette var siste skuleåret mitt i Kleivgrend. Utpå sumaren gjekk eg og las for presten, og um hausten vart eg konfirmert, og dermed vaksen kar totte eg.

### Kvardagsliv på Kleivi.

Kleivgrend låg liksom langt norda folkeskikken. Livet her var som det hadde vore frå alders tid. Soleis med gardsbruk, husstell, med sed og skikk. Når eg no tenkjer attende på dei åra eg levde der, er det som å ha opplevd mellom-alderen. Nede i kyrkjebygdi var mangt nytt kom til. Der hadde dei soleis teke til med kunsteng av kløver og timotei. Der var eit par butikkar med nye varur frå byen. Der var doktar, posthus og telefon. Men i Kleivgrend laut folk gå ei og ei halv mil til kremaren og like langt attende. Dei handla då gjerne ogso litt for grannane og hadde med avisar til dei two tre menn som hadde ei slik, eller eit brev som kunde kome ei hende gong. Telefon kom til grenda året etter eg var ferdig med skulen, men då torde ikkje kvinnfolka tala i tuten, berre karane var so modige.

Etter som eg vaks til, måtte eg hjelpe til med ymse arbeid. Om vinteren var det å sage og kløyve ved, bære vatn og måke snø. So var eg med far på låsven og treskte med slile. Me la konnband over låvegolvset, og so gjekk me i breidd og dengde i takt fram og attende, til halmen var rein. So eit nytt lag og til å dengje att. Det var seigt arbeid og leitte på armane. Sida var det å rense kornet, då slapp eg, for det måtte far greide åleine.

Burt i bekken sto ei gamal kvenn. Om hausten bar far konn i ein skinnsekk eller hit på badstoga til turk, la det på briskar langs veggen i tunne lag. So elda han upp i den digre gråsteinsovnen og stengde døri godt til.

Når so kornet var turt, kom det på kvenna. Vatne vart slept på, og so for den ~~veske~~ kvenkallen ~~kom~~ i veg og dro den vesle kvernsteinen rundt. So kom det kvit mjølet silrande ned i mjølkista. Vart det for lite vatn i bekken, laut eg uppå fjellet til ei lita tjønn, der bekken kom frå, og sleppa dammen, og so vart det kvennvatn. Mjølet var heller grovt, men når mor kokte vassgraut av det, og me fekk surmjølk til, smakte det godt, og til flatbraud var det framifrå.

Til jol skulde me ha maltøl. Far la konn i ein maltkarm, bløyte det og let det gro. So vart det turka på badstoga og grøypt på kvenna til malt. Og so kunde mor til å brygge. Det var mange kunster med dette, som berre mor kunde rett. I joli og elles når det kom framande, fekk dei eit glas øl til skjenk. Kaffe var dyr og vart lite brukt. Jolekvelden fekk me risengrynsgraut med kanel på, og joledagen var det kjøtsuppe eller spa, som me sa, attåt kjøt og poteter, som me kalla jordeple. Men elles var det kje stort anleis i joli enn til kvardags. Joleltre var ukjent ennå, og jolegåvur likeso. Men me fann på leikar og hadde meir moro enn elles.

Det var seint og omstendeleg med altslag arbeid, soleis ogso med mjølkesellet. Mor sila mjølka upp i nokre låge trekoller og let dei stå på eit varmt stelle til rjomen kom upp. Mjølka vart då tjukk og syrleg. Sida fann ho på å sette mjølkespanna i kalt vatn. Då vart det fløyte som ho skoma av. So var det å dra kinnestaven i den smale trekinnen i timevis for å få smør. Det var ofte eit arbeid for oss ungane, men eg lurde meg helst unda, og let jobben over til jentungane.

Heile sumaren var det onnearbeid. Fyst var det vårånnna. Far drog ~~ut~~ ofte gjødsla ut på ein kjelke og breidd ho ut. Men til å pløgje og horve laut han låne hest. Det var ikkje altid so lett, for det fanst berre 3-4 hestar i heile grønda, og dei gjekk då til låns til dei som ingen hest hadde. Plog og harv, spae og greip var gamaldagse greior, som Gunleik sjøl hadde gjort. Etter horvinga var det mykje torv og ugras, so me laut fare etter med grep, slå torv og plukke ugras.

Slåttånna tok lang tid. Alt høyet slo me med stuttorv, gjekk med ryggen i krok og veivde ljåen mellom stein og tuvor, for det var mest skrapslått. Den dyrka jordi var åker til korn og poteter. Eg vart snart so flink med orvet at eg fylgte far i skåren, og då var eg kry. Mor hadde nok med å breie etter oss. Men ljåen vart fort skjemd, for eg laut slå snaut, og då var det kje greitt å halde seg undan steinen, som det var so mange av. Eg brynte og hogg, slo so sveitten rann. Me lyt slipe, sa far, og so bar det til slipesteinen. Når det var turrvær, galdt det å vere grytidleg ute for å nytte doggi, for då beit ljåen best. Var det gråvær, laut høyet rakast ihop og setjast opp i såter, og so når soli kom att å breida dei fint ut, då var det turt til dagen etter. Alt høyet bar me inn på ryggen. La fire kjemmur på kvarandre i reipet, det var passe bør. Det var so vidt beina bar upp bakkane til låven.

Me var ogso på heia og slo på ein støyl som høyrde Kleivi til. Der var det fullt av stein over heile bøen, men mykje gras. Det var ikkje stor flekken me rakk for dagen, og det gjekk hart ut over riva til mor. Me slo ogso myrar og villgras i ei bjørkeli. Høyet sette me i stakk, stakk ned ei lang raje og la høyet i kjembur rundt stonga. Til slutt laut ein stå oppå og ta mot kjembene, som vart kasta upp. So skar far nokre lange bjørkestenger, batt dei saman i <sup>t</sup>oppen og la dei kring sneisa og nedover stakken til ymse sidor. So eit par tverrband, og so var stakken ferdig. Det var eit passe vinterlass. Det var ein god måte å berge høy på, men arbeidsam.

Om hauste var det skurånnna. Då var alle som kunde ut med sigden og skar. Då var det kje fritt me hadde skurebuksa av å stå tvikrokut heile dagen. So var det å setja banda på sneis og bera dei inn på ryggen, når dei var turre. Det siste om hauste var å grave upp jordepli med grep og bere dei inn i kjellaren.

### Eg kjem på framhaldsskule og folkehøiskule.

Eg var no 15 år gamal, og so fekk eg gå på framhaldsskulen nede i kyrkjebygdi. Det var vist fyste gongen det var ein slik skule i Førsdal. Eg fekk bu saman med syskenbarnet mitt, Marie Vasbø, hjå onkelen vår, Olav Vadlid. Han var førar på den vesle dampbåten "Fyresdølen" på Førsvatn og sat nokso godt i det. Det er elles lite eg hugsar frå denne skulen. Læraren var ein ung mann, snil og grei. Men noko særleg nytt trur eg ikkje eg lærde. Det var dei same fag som i folkeskulen bare med andre og litt større lærebøker. Om laurdagskveldane hadde me samkomur med leik av ymse slag.

Det var ikkje fritt for at me gutane no tok til å kike litt oftere til den kanten jentene sat. I overgangen frå barn til voksen veit me det er <sup>at</sup> kjønslivet vaknar. Tankane krinsar um elskhug og kjærleik, og guten drøymer om den ~~fig~~agre heimen han vil skape saman med den utvalde, som han målar ut som den <sup>fl</sup>eaeste og beste i verdi. Men dette som er so heilt naturlegt, det var i min uppvekst sett på som noko syndigt og fårlegt og skulde ikkje eingong nemnast. At ein gut fylgde ei jente etter vegen, var sikkert merke på at dei var syndens barn. Ikkje eingong mann og kjering kunde gå jamsides, um det so var på kyrkjeveg. Og i kyrkja satt karar og kvende på kvar si side.

Eg minnest eg kom til å setje meg ved sida av ei ungjente på eit møte i skulehuset i Kleivgrend, men då glodde alle på meg som eg skulde vere den vonde sjøl. Og ein kar som eg viste hadde vore ein drikkar og jentefut~~xx~~ framme og x~~xx~~ men som no var omvend, sto fram og heldt ei skremmeleg tale om kor fårleg "kjødets fristelser" var, og at evig pine truga dei som gav etter for slikt. Talen var nok mynta på meg, og alle såg på meg med hatefulle augo. Eg vart redd og skamfull, men kunde ikkje forstå eg hadde gjort noko so gale. Eg skunda meg ut, men var ikkje fri for det. I lang tid var dei etter meg med sneidord. Dei skulde be for meg, sa d dei, so eg kunde omvende meg og ikkje gå fortapt. For fyste gong fekk eg kjenne korleis det er å ha fiendar. Men venene mine, han Knut og han Nils og nokre andre trøsta meg. Dei var harme og sa at lesarane var store hyklarar. Frå no av fekk eg mothug mot alle lesarar.

På framhaldsskulen tykte eg at gutane frå kyrkjebygdi var so kaute. Dei var so motige at dei tala med jentene, det våga aldri eg, dei heldt meg nok for ein grønskolling, eg som var frå den avsides grenda. Men då ~~eg~~ kom heimatt, var eg med Knut og Nils og gjekk etter jentene om laurdagskvellane. Me vrengde målet vårt, so jentene skulde tru det var vaksne karar men dei kjende oss og slapp oss ikkje inn.

Læraren min hadde vore, Olav Rui, kom ofte til Kleiva og prata med far. Dei hadde so mangt å drøsa um, og so ting som eg var interessert i, og læraren tala no med meg mest som eg skulde vere ein voksen kar. Men når

dei kom inn på poletikken, forsto eg ikkje stort. Det var so hard ein stri den tida mellom høgre og vinstre. Dei nemnde ein som heitte Ullmann, som var ein stor førar for venstre. No var han komen til Seljord og teke til med ein skule, som dei kalla folkehøgskule. Den vilde vekkje ungdomen til rikare åndelegrliv. Dette vilde vere ein skule for deg, Tarjei, sa Olav. Kunde du kje ha hug til å kome dit? Å jau, det skulde vore gildt, meinte eg. Kva far trudde, veit eg ikkje, ha<sup>n</sup>gat so lite.

Noko seinare kom læraren til meg med nokre bøker eg skulde lesa. Det var skrifter av Grundtvig. Eg las og las, men forst<sup>o</sup>lite. Men litt om senn var det som store syner steig fram, noko veldigt, stort og fagert. Ord som folk, fedreland, kristendom vart til noko fast og konkret, ikkje berre tome ord. Og denne Grundtvig var det som hadde grunnlagt folkehøyskolen i Danmark, og no var skulen komen til vårt land. Jau på denne skulen måtte eg. Men ein laut vere 17 år for å kome dit, og eg var ikkje 16 enno.

#### På folkehøgskulen.

Far hadde nok tenkt sitt og skrive til skulen i Seljord om eg kunde få eit stipend og kome inn, og det skulde eg, endå eg berre var 16 og  $\frac{1}{2}$  år gammal. Det gjekk stygge rykte om Ullmann. Han var grundtvigianar, det same som vranglærarar, sa lesarane. Han var desutan radikalar og venstremann. Klokkaugen sa endå han var Brandesianar. Kva det var, viste ingen, men at det var noko følt var sikkert. Det var dei som åtvara meg, eg måtte ikkje reise dit for Ullmann trudde korkje på Gud eller djevelen, sa dei. Mor visste heldigvis ingen ting om dette, elles hadde ho vorte livande redd. Kor mykje far visste, veit eg ikkje, men han var venstremann og med i heradstyret. Det kunde då ikkje vere so fårleg å vere venstremann, når folk valde han inn i heradsstyret, tenkte eg.

Far fylgte meg til Seljord. Me gjekk 3 mil til Bandakslid, so båten til Kvitsøy, og so vegn att 3 mil til Seljord. Me fekk leigt eit lite rom på ein gard utmed vatne, kjøpte litt matvare og kjøkenty på butikken, og dermed var eg innlosjert. Far for heim, og dagen etter møtte eg på skulen. Den var på Utgarden midt i bygdi. Der var two bygningar, ein for Ullmann og huslyden hans og nokre elevar og ein for skulen. Der var også lærarskule. Det var soleis mykje skuleungdom samla her frå alle kantar av landet, men dei fleste frå Telemark. Frå Førsdal var eg den einaste.

Forutan Ullmann var det 4 andre lærarar. Det var sætesdølen Torgeir Bjønnarå, full av skjemt og sogur, lærar i rekning og naturfag. So var det sørlandingen Jakob Nådland i norsk, ogso ein god skjemtegauk, Nils Botnen frå Rauland, lærar i geografi og song, og endeleg Jørund Hovde frå Seljord.

Skuledagen byrja med andakt. Fyst ei song: Hvad sôskin er for det sorte mulde-Kunnskap skal styra rike og land. -På det jevne -Å leva det er å elska e.l. Det var dotter til Ullmann som styrde songen. So steig Ullmann